

**Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og Idrettsavdelinga
Postmottak**

**Bømlo Teater
Høvringevikvegen 86
5440 Mosterhamn**

Open søknad for stønad for Festspillsatellitt

Bømlo Teater og Moster Amfi søker om prosjektstøtte for å arrangere ein satellitt konsert under Festpillene 2015.

I sommar blei vi kontakta av Festpillene om vi kunne tenke oss eit og vera ein arena for ein satellitt, noko vi ser på som eit spanande samarbeid vi håper å kunne ha over fleire år.

Prosjektet det er plan om å få hit er ”Eit blad faller til himmelen”. Dette er eit korverk komponert av Bent Sørensen til tekster av Knud Romer. Begge fedra deira blei ramma av demens, og verket dreier seg om dette i både tekst og tone. I musikken inngår eit ekko av songar mange lærte som barn, og verket rammes inn av allsong. Konserten blir leda ann av Herborg Kråkevik og det vil vera fleire lokale kor og frå Bømlo og Stord involvert i konserten.

Den økonomiske risikoen ved prosjektet vil Festspillene stå for, det vil si kostnadane for artistar, billettsal og inntektene frå dette, mens vi skal stå for kostnadane for arrangementet, som lyd, lys, leie og frakt av flygel og generelle driftskostnadar.

For Sunnhordland som region og for Bømlo som kommune, ser vi på dette som ein fantastisk moglegheit å komme inn i festspillprogrammet for å profilere Bømlo som en kulturkommune, og for å vise fram den unike arenaen som Moster amfi er. Både Bømlo Teater og Moster amfi har bred erfaring med å arrangere storhendingar i den skala som ein festpillkonsert skal vera gjennom mange år med musikalar og Mostraspel. Vi har eit stor nettverk av lokale krefter som sterkt bidrar i alle ledd rund eit slikt arrangement og gode samarbeidspartnarar på både lyd og lys. Ved å involvere kor frå både Bømlo og Stord vil det gi konserten ein bred og sterk lokalforankring som vil skape ein stor entusiasme i miljøet rundt disse. Det blir ein moglegheit for dei å få opptre i et større format enn det dei er vant med og få vera del av ein sterk nasjonal kulturberar som festspilla er.

Bømlo Teater vil bidra med sin kompetanse som produsent og sine dugnadskrefter med bidrag frå kor miljøa, mens Moster amfi vil stille med arena og bemanning av den. Verken Bømlo Teater eller Moster amfi har økonomi til å ta disse kostnadene aleine. Da både fylkeskommunen og kommunen er eigarar av amfiet håper vi på bidrag frå både instansar for å kunne ta imot Festspillene her hos oss.

Vi søker fylkeskommunen om ein stønad på kr 40 000,- for prosjektet.

Det er også ein førespurnad inne hos Bømlo kommune og det lokale næringsliv blir også kontakta for å bidra til arrangementet.

Kostnader:

Lys/lysteknikar: kr 20 000,-

Lyd/lydteknikar: kr 35 000,-

Flygelleie/frakt: kr 35 000,-

Andre kostnader: kr 20 000,-

Sum kostnader: kr 110 000,-

Håper på eit positivt svar frå dykk.

Med venleg helsing

Øystein Kausrud
Dagleg leiar, Bømlo Teater